



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

26.07.2023

Vår ref:

2023/10793

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2021/2729

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for brygge, landgang og flytebrygge – Alver - 58/129 - Lygren indre

Vi viser til brev frå kommunen datert 30.06.23. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø for etablering av trebrygge, landgang og flytebryggje.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseset ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilslidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Søknaden er tilnærma lik tidlegare søknad, der kommunen sitt vedtak vart oppheva av Statsforvaltaren i Rogaland (setjestatsforvaltar i saka). Kommunens saknummer i den saka er 21/2729. I førre sak vurderte Statsforvaltaren i Rogaland at tiltaka kravde dispensasjon frå § 4 i reguleringsplanen om samla situasjonsplan, som skal vise samla utbygging av naustområdet i reguleringsplanen. I ny dispensasjonssøknad står det at det er utarbeida ein situasjonsplan for området, og at det difor ikkje er naudsynt med dispensasjon frå § 4 i reguleringsføresegna. Vi kan ikkje sjå at vi har mottatt ein slik situasjonsplan, og ber om å få han oversendt.

Statsforvaltaren i Rogaland vurderte at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot sjø, fordi denne er satt i formåls grensa for arealformålet naust/båtopplag i reguleringsplanen. Sidan dette reguleringsføremalet rekk heilt fram til sjøen, krev dermed ikkje kaia og flytebryggja det er søkt om dispensasjon frå byggjegrensa mot sjø. Vi legg dette til grunn, men viser til at sjølv om det ikkje er byggeforbod etter § 1-8 andre ledd, gjeld likevel første ledd, som seier at ein i strandsona skal ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø gjeld også, sjølv om det er satt byggegrense jf. punkt 2 i retningslinjene.

Slik vi oppfattar plangrunnlaget er kai, flytebryggje og slipp i strid med både eldre reguleringsplan og kommuneplanen. Arealet på land er planert og har små strandsoneverdiar på land bortsett frå å



vere tilgjengeleg. Areal i nærleiken har landskapsverdiar, særleg som grønstruktur. Området i sjø er del av marint verneområde og har friluftsverdiar.

Som vi skreiv i vår klage på førra søknad er det ikkje sjølvsgatt at ein kan ha kai og flytebrygge i sjø, sjølv om det er naust på land. Isolert sett vil kaien og flytebrygga i nokon grad auke privatiseringa og endre opplevinga av landskap sett frå sjø. I tillegg kan ein dispensasjon i saka auke faren for ein liten nedbygging av verdiar i strandsona. Reguleringsplanen har fleire naustområde og det er grunn til å tru at same plangrunnlag kan gjere seg gjeldande i dette området og det kan gjere det vanskeleg å avslå kommande søknader om kai og flytebrygge særleg i dette området, men også i kommunen elles.

Statsforvaltaren vurderer framleis at om det er eit sterkt ønske om å tilretteleggje for flytebrygger og kaianlegg, må saka avklarast i ein planprosess. I samsvar med statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, skal kommunen i kommuneplanprosessen vurdere kor ein kan tillate kaier og småbåthamner. Då skal det også vurderast samla belastning for strandsona, og ein får ikkje same liten bit for liten utbygginga som ein får igjennom dispensasjonar. Eventuelt kan ein vurdere tiltaka i ein reguleringsplanprosess. Då må ein som minimum regulere heile naustområdet med sjøareala. På den måten kan ein sjå meir heilskapleg på verknad for friluftsliv, landskap, grønstruktur, naturmangfald og andre allmenne interesser. Ein kan også vurdere dei beste løysingane for området sett under eitt og moglegvis legge til rette for fellesanlegg i staden for kai og flytebrygge ved kvart naust.

Vi rår ifrå dispensasjon slik saka ligg føre no, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell
fung. seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN